



Bømlo sokneråd – Møtereferat 01-2024

Stad:	Bømlo kyrkje	Dato: 08.01.24
Frammøtte:	Trygve Totland, Odd Ingvar Nilssen, Dagnor Engenes, Rolf Magne Skippervik, Svanhild Vespestad, Anja Beate Skullerud, Anna Lovise Olsen, Roald Drønen	
Referent:	Dagnor Engenes	

Saksliste:

Sak 01 – 2024 Godkjenning av innkalling til møte

Godkjend

Sak 02 - 2024 Godkjenning av referat.

Referat blir godkjent neste hovudmøte 24.01.24

Sak 03 – 2024 Val av ny sokneprest

Det var to aktuelle kandidatar til soknepreststillinga for Lykling og Bømlo. Me diskuterte rundt kandidatane før me foretok eit val. Alle 8 som var tilstades stemde, og det blei ei einstemmig avstemning at me ville gå for kandidat nr III Laila Hansen Røksund

Sak 04 – 2024 Eventuelt

Me må få på plass lyd og skjerm inn til nyesalen i kyrkja. Sjølv om lyddørane er opne er det ikkje lett å høyra resten av det som skjer i kyrkja. Må lagast skriv til kyrkjeleg fellesråd.

Forslag til offer dei første gudstenestene er til:

- Indre sjømannsmisjonen 14.01
- Gideon 28.01
- Kyrkjelydsarbeidet 11.02

Få tak i håndbøker for soknerådsarbeid for denne perioden

Det må få lagast snøfangar på taket utanfor der nyarbeidet er gjort. Snøen kan gli i hovudet på dei som nyttar desse inngongane snøfylde dagar.

Det nye rekkverket utanfor er ikkje heilt som det bør/skal vera. Må sjå nærare på dette.